



Rovviltnemnda i region 1

Vestland, Rogaland og Agder

Adresseliste

Dykkar ref:

Vår ref.:

2021/15934

Arkivnr.:

Dato:

07.12.2021

Protokoll møte i rovviltnemnda 06.12.2021

Rovviltnemnda i region 1 hadde Teamsmøte 6. desember 2021.

Deltakarar

Frå rovviltnemnda: Beate Marie Johnsen, Sigbjørn Framnes, Trude Brosvik, Hanne Marte Vatnaland og Noralv Distad.

Frå Statsforvaltaren i Vestland v/sekretariatet, Hermund Mjelstad.

Protokoll

Sak 7/2021: Jakt på gaupe i region 1 i 2022. Vedtak.

Samrøystes vedteke, med tillegg*.

Vedtaket blir sendt ut som eiga brev med klagerett.

Saksframlegg frå sekretariatet:

Sak 7/2021: Jakt på gaupe i region 1 i 2022. Vurdering av kvotefri jakt.

Politiske føringar og lovverk

Desse dokumenta er lagt til grunn for saksframlegget:

-St.meld.nr. 15 (2003-2004) Rovvilt i norsk natur

-Innst.S.nr 174 (2003-2004)

-Lov av 19.06.2009 nr 100. Lov om forvaltning av naturens mangfold

Postadresse:

Rovviltnemnda i region 1
c/o Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Fung. leiar for rovviltnemnda:

Beate Marie Johnsen
Telefon: 90779214

Sakshandsamar:

Hermund Mjelstad
Telefon 57643124
fmsfhm@statsforvalteren.no

Beate.Marie.Johnsen@politiker.agderfk.no

Rovviltnemnda region 1

<https://www.rovviltnemnd.no/>

- Forskrift av 19.03.2005 Om forvaltning av rovvilt
- Forvaltningsplan for rovvilt i Region 1, revidert i 2014
- Data frå overvakingsprogram for rovvilt, Rovdata
- Rovviltsforliket i Stortinget, Dokument 8:163 S(2010-2011) av 16.06.2011

Saksopplysningar

Faggrunlaget er noko usikkert sidan familiegrupper av gaupe blir registrert/talt opp i perioden 1. oktober til 28 (29) februar. Registreringane er avhengig av gode sportilhøve og for region 1 er det sjeldan stabile tilhøve før nyår. Bestandstala for heile landet kan difor endre seg frå i dag og til gaupejakta startar 1. februar 2022.

Tal frå Rovdata viser at gaupebestanden er om lag som i 2021 samanlikna med dei siste åra. Før kvotejakta i 2021 var tal familiegrupper rekna til 67. I tal tyder dette om lag 395 individ. Det nasjonale målet er på 65 familiegrupper. Som i fjor er bestanden noko over bestandsmålet. Det ble felt to gauper under jakta i 2021.

På Raudlista over trua arter er gaupe plassert i kategorien sterkt trua. Hovudgrunnen var (i 2014) tilbakegang i Sverige som betyr mindre innvandring til Noreg. Etter denne tid har bestanden i Sverige auka noko, for så å minke igjen, og har no sist år auka igjen frå 189,5 familiegrupper til 213 sist vinter. Totalt er det ca. 395 gauper i Noreg og ca. 1244 i Sverige.

I region 1 er det ikkje fastsett nasjonale mål for gaupe, og nemnda vil difor alltid ha mynde til å vedta gaupejakt. Etter rovviltforskrifta skal gaupejakta vere kvoteavgrensa, men det kan gjerast unntak ved å fastsette kvotefri jakt i visse høve, jf, forvaltningsplanen. Rovviltnemnda har i fleire år vedteke kvotefri jakt på gaupe i heile regionen. Jakttida er i februar og mars.

Vurdering

Sjølv om det ikkje er registrert familiegrupper i region 1, finst gaupe spreidd innafor regionen og skadepotensialet er stort i regionen. Sekretariatet vil rå til å halde fram med kvotefri jakt i heile regionen. Bestanden er liten, og det er i hovudsak streifande hanndyr, med få unntak, som blir felt. Uttaket vil uansett vere lågt og vil ha minimal innverknad på utviklinga i den nasjonale gaupebestanden.

I rovbasen er det registrert ein sikker observasjon av gaupe i Suldal kommune i Rogaland i juli og ein i Hjelmeland i februar, og ein sikker i Ulvik kommune i Vestland i september. I Farsund (tidl. Vest-Agder, er det registrert ein gaupeskaade 6. mai 2021). I tillegg er det nokre usikre observasjonar. Under den kvotefrie jakta i 2020 vart det felt ein hanngaupe i Lindesnes og ei hogaupe i Hægebostad, begge i Agder(Vest-Agder).

Naturmangfaldlova § 8 viser til at offentlege avgjerder så langt det er rimeleg skal bygge på vitskapleg kunnskap om artane sin bestandssituasjon. Kunnskapen om bestanden av gaupe i Noreg er god, og er etter vårt syn, tilstrekkeleg til å kunne fastslå at kvotefri jakt i region 1 ikkje vil ha avgjerande verknad på det nasjonale bestandsmålet. På grunnlag av den spesielle forvaltningsmessige situasjonen som region 1 har, utan fastsett bestandsmål for gaupe, finn vi at naturmangfaldlova § 9 -12 og § 16 ikkje krev særskilte vurderingar her.

*Etter at saksframlegget var sendt ut til nemnda, vart det sendt ut eit tillegg til framlegget frå sekretariatet. Tillegget er som følger:

Det er slik at det treng ikkje/skal ikkje nødvendigvis vere automatikk i at nemnda vedtek kvotefri gaupejakt kvart år. Nemnda har vedteke slik jakt kvart år sidan nemndene vart oppretta.

Skadeomfanget på sau frå gaupe er generelt svært lågt i regionen, og per i dag representerer ikkje gaupeeskade noko problem for næringa i regionen.

På kvotejakta blir det felt om lag ein gaupe eller to kvart år, dei aller fleste i den sørlege delen av regionen. Dette er naturleg i og med at dei fleste gaupene vil vandre inn frå tidl. Aust-Agder.

Kva som eventuelt vil vere konsekvensane av ikkje å ha kvotefri gaupejakt er usikker, men sannsynlegvis vil fleire gauper etablere seg i regionen og yngle, og med det aukande skade på lengre sikt, spesielt i Rogaland og tidl. Vest-Agder. Konsekvensane av fortsatt kvotefri gaupejakt vil truleg vere at skadeomfanget held seg lågt, og regionen bidreg då heller ikkje til å auke den totale gaupebestanden i landet.

Nemnda må derfor vurdere konsekvensane av ikkje å ha jakt (i den grad det går an å vurdere) i forhold til å fortsette med kvotefri jakt.

Uansett vedtak så må jo vedtaket spegle m.a. rovviltforliket, der Miljøverndepartementet i 2011 presiserte følgjande:

«Uttak i prioriterte beiteområder

Av rovviltforliket i 2011 fremgår det at uttak av dyr som gjør skade på beitedyr i prioriterte beiteområder skal gjøres raskt, og at i slike områder skal miljøforvaltningen i større grad enn i dag bidra til å effektivisere slikt uttak. Videre fremgår det at det ikke skal være rovdyr som representerer et skadepotensial i prioriterte beiteområder for husdyr og kalvingsområde for tamrein.»

«Arealdifferensiering

Av rovviltforliket i 2011 fremgår det at soneinndelingen må forvaltes tydelig. Det vil si at det skal være forvaltningsmessig ulik praksis i henholdsvis prioriterte rovviltområder og prioriterte beiteområder. Et prioritert beiteområde er de deler av en forvaltningsregion hvor rovviltnemnden ikke ønsker etablering av yngling av rovvilt, og områder hvor beitedyr følgelig skal gis tydelig prioritet fremfor rovvilt. I prioriterte beiteområder skal det praktiseres en lav terskel for tillatelse til uttak av rovvilt for å avverge skade på husdyr og tamrein, jf. også omtale i punktet over om uttak av rovvilt i prioriterte beiteområder.»

Rovviltnemnda tek tillegget til vitende.

Framlegg til vedtak

1. Rovviltnemnda opnar for kvotefri jakt på gaupe i heile Region 1 i 2022. Jakttid er 1. februar til 31. mars. For utøving av jakta gjeld reglane i villlova med tilhøyrande forskrifter.

2. Felling eller forsøk på felling skal så snart som råd meldast til Statsforvaltaren. Felte dyr skal dessutan framsynas til Statens naturoppsyn for prøvetaking m.v. med opplysning om kjønn, alder, tidspunkt for felling og fellingsstad.

3. Fangst av gaupe skal utøvast etisk forsvarleg og i samsvar med reglane for bruk av fangstreiskap. Bruk av fangstreiskap krev godkjenning frå Statsforvaltaren.

4. Rovviltnemnda kan til ein kvar tid gjere om vedtaket dersom ny informasjon ligg føre.

Med helsing

Beate Marie Johnsen
fung.leiar
Rovviltnemnda for region 1

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift

Kopi pr. e-post:

Naturvernforbunda i fylka i Region 1
Foreningen våre rovdyr: fvr@fvr.no
WWF Norge: wwf@wwf.no
Norges Miljøvernforbund: nmf@nmf.no
Statens Naturoppsyn Hordaland og Sogn og Fjordane
Statens Naturoppsyn Rogaland og Vest-Agder
Statsforvaltarane i Region 1
Klima- og miljødepartementet
Miljødirektoratet
Mattilsynet region sør og vest
Sogn og Fjordane sau- og geit
Vest-Agder sau- og geit
Agder Bondelag
Rogaland sau- og geit
Rogaland Bondelag
Hordaland sau- og geit
Vestland Bondelag